



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
12.07.2016
Dykkar dato
06.06.2016

Vår referanse
2016/7610 542.1
Dykkar referanse
16/3098

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om samproduksjon av makroalgar og laks på lokaliteten Leirvika i Masfjorden kommune

Vi viser til søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS datert 23. mai 2016 som vart oversendt frå Nærings- og fiskeridepartementet den 6. juni 2016.

Om saka

Engesund Fiskeoppdrett AS søker om løyve til produksjon av fleire artar av makroalgar; sukkertare (*Saccharina latissima*), butare (*Alaria esculenta*), stortare (*Laminaria hyperborea*), fingertare (*Laminaria digitata*), havsalat (*Ulva lactuca*) og søl (*Palmaria palmata*), på lokaliteten Leirvika i Masfjorden kommune. Produksjonen av makroalgar skal skje i samproduksjon med matfiskoppdrett av laks. Produksjonen skal skje innafor areal som er sett av til føremål akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune.

Resipienten

Omsøkte anlegg ligg i vassførekomsten 0261040300-C Austfjorden. Vassførekomsten har god økologisk tilstand. Største påverknad i vassførekomsten er utslepp frå fiskeoppdrett.

Forureining frå makroalgedyrking

Forureining frå algedyrking er knytt til botnfelling av organisk materiale som losner frå bøyestrekket. Det skal ikkje nyttast kjemikal eller fôr. For resipienten blir det eit uttak av næringsstoff, men det kan skje ei lokal opphopning under anlegget.

Vanleg prosedyre hjå Fylkesmannen har vore å ikkje krevje eige utsleppsløyve for dyrking av makroalgar når produksjonen er mindre enn 150 tonn. Trongen for utsleppsløyve for større produksjon er knytt til vilkåra om miljøovervaking på lokaliteten. I dette tilfellet skal makroalgeproduksjonen vere i samproduksjon med matfiskoppdrett av laks. Matfiskanlegg skal gjere jamlege miljøgranskingar etter NS9410.

Ny kunnskap eller endra miljø i fjorden kan føra til at Fylkesmannen pålegg undersøkingar eller søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova.

Naturmangfald

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med makroalgedyrkingsanlegget på Leirvika.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er søknaden og våre databasar *Naturbase* og *Artskart*. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit bøystrekk for tare dyrking er eit reversibelt tiltak. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å etablere dette bøystrekkanlegget. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Den samla belastninga på resipienten blir ikkje endra (naturmangfaldlova § 10). Det skal ikkje nyttast fôr eller gjødsel, makroalgane som skal dyrkast hentar næring frå sjøvatnet.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf naturmangfaldlova § 11.

Engesund Fiskeoppdrett AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

Samla vurdering

Vi ser med bakgrunn i ovanståande etablering av anlegg for produksjon av tare på lokaliteten Leirvika i Masfjorden kommune som lite konfliktfylt. Vi vil likevel foreslå at det vert teke inn eit generelt vilkår om plikt til tiltak for førebygging av viltskader, t.d.: Den som får løyvet skal ta omsyn til fugl og anna vilt, og setja i verk førebyggjande tiltak mot viltskade.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at dyrking av makroalgar på lokaliteten Leirvika anlegget ikkje vi gje særleg forureining, og at det dermed kan drivast utan særskilt løyve etter forureiningslova, jf. § 8 pkt. 3 i denne lova. Denne vurderinga fritar ikkje for det det generelle kravet i lova om å unngå forureining, § 7, og forsøpling, jf. § 28. Trongen for miljøgranskingar på lokaliteten blir ivareteke av dei krava som blir stilte til matfiskanlegget på lokaliteten Leirvika.

Vi kjenner heller ikkje til andre omsyn innanfor våre ansvarsområde talar for at vi rår ifrå ei etablering som omsøkt. Vi foreslår likevel at det vert sett eit generelt vilkår om plikt til førebyggjande tiltak mot viltskader.

Med helsing

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Engesund Fiskeoppdrett AS

Fiskeridirektoratet

Masfjorden kommune

Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN

Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES